



Årsmelding 2018 - innebandygruppa

Sportslig utvalg har bestått av følgende personer:

Viktor Andersson	Leder
Kristian Skåland	Økonomiansvarlig
Eirik Straumbotn	Medlem

I april 2018 starta me opp med innebandy for dei over 16 år og fekk treningstid på Bø skule. I oppstarten var det folksamt, og det var tydeleg at dette var eit spanande tilbod for mange. På det meste var me nok opp mot 30 stk., noko som var veldig gledeleg. I slutten av mai fekk me prøvd oss på vår første kamp, då me møtte Klepp. Stillinga blei til slutt eit marginalt tap, men me gjorde ein god figur og var godt nøgde med innsatsen.

Det å spela kampar gav meirsmak, og me meldte på eit lag i 4. divisjon. Dette er organisert som ein aktivitetsserie, der me i løpet av 6 samlingar får spele 12 kampar à 2 gonger 15 minutt. Me har gjennom sesongen hatt ei stigande formkurve, og me blir stadig meir samspelte, som har vist igjen i form av klatring på tabellen. Me har for tida ein diskusjon i laget om me skal gå for opprykk, og med det få spele skikkelege kampar med 3 gonger 20 minutt, til hausten.

Denne sesongen har me hatt to treningar i veka, 2 timar på måndagar og 1 time på fredagar. Måndagstreninga har vore den med flest folk, der me har lege mellom 15 og 20 stk., medan fredagstreningane har lege mellom 10 og 15.

Per dags dato har me 21 medlemmer, kor 17 har løyst lisens.